



ÅRSMELDING 2010 (for tidsrommet 20/6-09 – 19/6-10)

Styre for selskapet har dette året vore samansett slik: Styreleiar Arne Skogheim, nestleiar Britt-Mari Sletto, styremedlemmer Kaare Wensaas, Kåre Olav Solhjell og Per Lilleslett. Vara- medlemmer Evalill Sletto, Maria Sønndrål og Eli Sælid.

Rekneskapen har som tidlegare år vore ført av Ola Ruud. Revisorar har vore Osvald Medhus og Jan Robert Wick. Valnemnd Knut Medhus (leiar) og Knut Øyvind Skaro.

Selskapet har pr.1/6-2010 83 betalande medlemmer + 4 som det er sendt påminning om kontingentinnbetaling til.

Det har vore halde to styremøter i tillegg til årsmøtet 20/6-09 og eitt møte saman med Eldgrim Springgard for drøfting av opplegget for jubileumsmarkeringa 2011.

Heimesidene til selskapet er oppgradert dette året, og katalogen over Sletto-materialet i Hol bygdearkiv er no lagt ut på heimeadressa www.olavslettoselskapet.no

Kåre Olav Solhjell orienterte om arbeidet med katalogiseringa på årsmøtet 20/6-09. Barbro Aasen hadde invitert oss til å halda årsmøtet i Sletto. 18 medlemmer var tilstades. Turid Birgit Lien takka av som styremedlem etter åtte år og fekk vel fortente blomar for innsatsen. Blomar fekk og Kåre Olav for arbeidet med katalogen, og Barbro for stor gjestmilde.

Styret har dette året konsentrert seg om planlegging av Sletto-året 2011. Det er søkt om midlar til denne feiringa, og Hol kommune har løyvd 25 000 kroner for 2010 og vil behandla søknad for 2011 over neste års budsjett. Buskerud fylkeskommune har løyvd 50 000 kroner til prosjektet, og Hol Sparebank har løyvd heile 100 000 kroner til forteljarteateret som Eldgrim Springgard er engasjert til å skriva / produsera. Manusset skal byggja på Per-bøkene. I tillegg til desse løyvingane, har Hol Sparebank gjeve 10 000 kroner ved den ordinære gåvetildelinga, og Barbro Aasen har gjeve selskapet ei gåve på 10 000 kroner som minnegåve etter Kaare Aasen. Olav Sletto-selskapet vil takka hjarteleg for alle desse rause gåvene.

Dette arbeidsåret er det sendt ut tre medlemsbrev, og om lag halvparten av medlemmene har no oppgjeve skjermbrevadresse, slik at ein sparer store portoutgifter ved elektronisk utsending av medlemsbrev. I årsheftet for 2010 har ein vald å trykkja Olav Sletto si bok "Um Tyskland" frå 1914. Kåre Olav Solhjell har skriva ein kommentarartikkel i samband med dette nytrykket.

Hol, den 19/6-2010

Arne Skogheim Britt-Mari Sletto Kåre Olav Solhjell Kaare Wensaas Per Lilleslett